

# Retningslinjer for gjennomføring og vurdering av praktisk privatisteksamen

## FOT3004 Fotterapi Vg3

### Førebuingssdel

Førebuingstid : 24-27 timar

Førebuingssdelen blir publisert på heimesida til Eksamenskontoret klokka 9.00 på førebuingssdagen. Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingssstida.

### Praktisk/skriftleg eksamen

#### Del 1. Individuell tverrfagleg praktisk prøve i klinikk med klient

Det er berre dei to sensorane som skal vere til stades i eksamenslokalet saman med kandidatane.

**Tidsbruk:** inntil 2 timar. Kandidaten får kandidatnummer før den praktiske delen av eksamen startar.

**Hjelpemiddel:** Ingen hjelpemiddel

#### Gjennomføring av eksamen:

Kandidaten skal bruke kandidatnummeret på all journalen og all annan dokumentasjon.

Sensorane fordeler klientane på kandidatane føre eksamen startar.

Eksamensstartar frå kandidaten kjem inn i eksamenslokalet.

Behandlinga skal utførast i samsvar med tema og kompetansemål. Behandlinga skal førebuaast, gjennomførast og avsluttast. Kandidatane skal rydde etter seg. Journalkort og eventuell annan dokumentasjon skal skrivast ferdig før klienten forlèt klinikken.

For- og etterarbeid er inkludert i eksamenstid.

Sensor kan stille spørsmål undervegs.

Kandidatane skal ikkje skifte klede mellom praktisk og skriftleg del. Dei går rett til skriverom.

#### Del 2. Individuell skriftleg oppgåve

**Tidsbruk:** Inntil 1,5 timar

**Tillatne hjelpemiddel:** Skriftleg dokumentasjon frå praktisk del av eksamen

**Oppgåve:** Gjere greie for og grunngje viktige val kandidaten har gjort i behandlinga. Til dette skal kandidaten bruke dokumentasjon frå konsultasjonen og relevant teori frå helsefremjande arbeid, yrkesutøving og kommunikasjon og samhandling.

### Vurdering

Eksamenskarakteren blir fastsett på individuelt grunnlag og gir uttrykk for kompetansen til privatisten slik han kjem fram på eksamen, jf. §3-25 i forskrift til opplæringslova.